



Denne kartskissa illustrerer flyttinga (og samanslåinga) av matfiskanlegg utanfor Skorpo. Anlegget utanfor Snilstveitøya blir teke bort og produksjonen konsentrert til Skorpo, der anlegget blir flytta utover i fjorden.

**Rådmannen går inn for at formannskapet i møtet 15. februar skal seia ja til flytting og utviding av oppdrettsanlegget til Sjøtroll Havbruk AS på utsida av Skorpo. Samstundes kjem han med framlegg om at det skal utarbeidast ein analyse av avkastningen (ringverknadene) av havbruksnæringa i kommunen. Det skal skje i samarbeid med næringa og fiskeriforvaltninga.**

Selskapet, som har basen sin i Bekkjarvik, ynskjer å trekkja anlegget sitt noko lengre ut på fjorden i høve til tidlegare godkjenning. Det blir då liggjande 160 meter frå land (som er så langt frå land som mogeleg) og ein tanke mot nordvest sett frå toppen av Skorpo. Anlegget blir etter justeringa liggjande i uplanlagt område, like utanfor eit område som er avsett til akvakultur i kommunedelplanen frå 2003.

Samstundes skal produksjonsvolumet utvidast til 3.120 tonn biomasse.

Utvidinga fører til at produksjonen på anlegget på nordsida av Eidsvikøya blir sletta og flytta til Skorpo og det blir ikkje nokon auke i samla biomasse i området..

Opprinneleg søkte Sjøtroll Havbruk om ei lokalisering lengre mot nordaust, like utanfor Jektholmen og Nordre Skorpevågen. Det var delvis i eit område som i kommunedelplanen er vist som fleirbruksområde utan avvakultur. Denne plasseringa ville ha vore uheldig i høve til hytteområde på Skorpo, skriv rådmannen.

Merknaden frå Hans Skorpen med fleire, som uskedalen.no har skreve om tidlegare, er no kommentert av Sjøtroll Havbruk. Selskapet held fram at selskapet, kommunen og Kystverket har brukt mykje tid og ressursar for å finna ei plassering som er minst mogeleg til sjenanse for oppsitjarane i området og som sikrar seglingsleia.

Sjøtroll Havbruk peikar på at det vil bli over ein kilometer frå anlegget og inn til bebyggelsen aust for Jektholmen og i overkant av 700 meter inn til Jektholmen. Difor meiner selskapet at det ferdsmessig ikkje vil vera til sjenanse for utnytting av eit hyppig brukt friområde.

Når det gjeld støy, tek dei sikte på å føre landstraum fram til anlegget. Fram til dette skjer vil ein sterkt lydtempa motor laga straum.

Sjøtroll Havbruk tilbakevisar at det vil skje forureining. Kravet frå myndigheitene er så strenge i dag at det ikkje ville vore gjeve lov til å driva anlegget viss det var fåre for forureining. Og det som lagar fiskefor har utvikla metodar som stettar krava.

Når det gjeld ynskjete om å leggja anlegget lenger ute i fjorden, mot Skorpegavlen, er dette ikkje mogeleg, Anlegget er trekt så langt ut som det let seg gjera.

Av Ola Matti Mathisen